



Notat

Dato: 07.09.2015
Arkivsak: 2015/8896-2
Saksbehandlar: solsond

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for Sellafield - orientering

Bakgrunn

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 27. august 2015 er det under Ymse teke inn følgjande: I samband med behandlinga av PS 222/15 bad **Aud Karin Oen** om følgjande: «*Sellafield» kan fylkesutvalet få ei orientering om ståa rundt dette anlegget?*

På bakgrunn av denne førespurnaden legg fylkesrådmann fram ei orientering.

Status for Sellafield

Sellafield- anlegget blir drevet av British Nuclear Fuels Limited (BNFL). Anlegget omfatter Thermal Oxide Reprocessing Plant (THORP), Magnox nuclear fuel reprocessing plant og den inaktive Calder Hall Magnox kjernekraftverk. Sellafield har vore reprosesseringanlegg som skil uran, plutonium og andre fisjonsprodukt frå brukt atomdrivstoff. Denne prosessen gir store mengder radioaktivt avfall som er lagra i området under dels dårlige tilhøve.



Magasinet The Ecologist publiserte i fjor bilete som avslører at deler av anlegget er mosegrodd og i dårlig forfatning. Måker som badar i gamle, opne basseng fulle av brenn尔斯stavar er noko av det som blei dokumentert. Bilete finnes på <http://www.tu.no/kraft/2014/10/31/se-tilstanden-til-sellafield-kjernekraftverket>

Oppryddinga på anlegget av 21 tankar med radioaktivt anlegg som skulle vore tömt i 2015 er utsett (<http://www.nrk.no/verden/utsetter-tomming-av-21-tanker-med-radioaktivt-avfall-1.12057468>). Stråling frå desse tankane vil nå Hordaland om dei lekk. Det er uheldig med utsettjing sidan jo lenger tid arbeidet tar, jo større blir risikoen for ei ulykke eller utslepp av større mengder radioaktivitet.

Hordaland er eit av dei to fylka som vil bli hardast ramma ved eventuelt utslepp frå Sellafield, jfr rapporten frå Statens Strålevern frå 2009 (<http://www.nrpa.no/dav/a368e9b53c.pdf>).

Auka kostnader og risiko for budsjettkutt

Kostnadene til opprydding på Sellafield blir stadig større. Britisk riksrevisjon anslår at kostnadene blir minst 53 milliardar pund, dvs meir enn 600 milliardar NKR. Arbeidet med å rydde opp blir både forsinka og dyrare. Britiske myndigheter skal i haust skal gjennomføre relativt store kutt i statsbudsjettet, det er uvist om dette gir endra løyvingar til Sellafield.

Etter internasjonale avtalar skal utslepp av radioaktivitet frå slike atomanlegg vere nær null innan 2020. Kostnadar og utsettjingar gjer at britiske myndigheter kan vere i fare for å ikkje greie dette målet. Britiske myndigheter har likevel framleis som offisielt mål å greie 2020-målet.

Handlingsrom for Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune si potensielle rolle i Sellafield-saken er å bidra til å legge press på britiske myndigheter til å løyve pengar og prioritere oppryddinga.

Den einaste kontakten mellom dei to landas regjeringar har så vidt fylkesrådmann kjenner til berre vore på embetsmannsnivå, med møter med representantar frå Klima- og miljødepartementet og Statens Strålevern.

Handlingsrom for Hordaland fylkeskommune i saka kan f eks vere:

- Oppmode til engasjement frå politisk leiing i Klima- og miljødepartementet
- Status og uro for opprydding på Sellafield-anlegget kan vere ei aktuell sak for Hordaland fylkeskommune å ta opp i Nordsjøkommisjonen. Hordaland fylkeskommune har no presidentvervet i Nordsjøkommisjonen
- Ta opp saka i Vestlandsrådet